

Naboar/rettshavarar

Offentlege styresmakter

Lag og organisasjonar

Stord, 30. juni 2026

DOKUMENTKODE: 10262826-04-plan-brev-01

TILGJENGELEGHEIT: open

VARSEL OM OPPSTART AV REGULERINGSPLAN OG HØYRING AV PLANPROGRAM Detaljregulering for gbnr. 309/192 m.fl., Hjertås industriområde, planID 4631 2026003, i Alver kommune.

I tråd med plan- og bygningslova §§ 12-8, 12-9 og 12-14, på oppdrag frå Framo AS, vert det starta opp arbeid med reguleringsplan for å kunne vidareutvikle industriområdet på Hjertås. Varslet omfattar eigedommane gnr. 309 bnr. 192 m.fl., med adresse Rosslandsvegen 933, 5918 Frekhaug i Alver kommune.



Figur 1 Planområdets beliggenhet

Bakgrunn for reguleringsplanarbeidet

Bakgrunnen for planen er å vidareutvikle og utvide Framo sitt industriområde på Hjertås i Alver kommune. Målet er å erstatte to eldre reguleringsplanar (PlanID 20170329 og PlanID 125620050316) og leggje til rette for ein heilskapleg og framtidretta industriutbygging. Planområdet omfattar areal både nord og sør for Fv. 564, i tillegg til sjøareal mot Herdlefjorden. Framo planlegg nye produksjonshallar, administrasjonsbygg, parkering, betre interne vegløyningar og etablering av kai for sjøtransport.

Varsel om oppstart av reguleringsplan og høyring av planprogram

Planavgrensing

Førebels plangrense ligg vedlagt, og omfattar eksisterande reguleringsplanar (PlanID 20120002 og PlanID 20050316), næringsareala N_8 og N_6 i kommuneplanens arealdel (KPA) mot aust og nord, samt areal i sjø. Førebels planområde er om lag 1179 daa. Plangrensa går «breitt ut», dette for å gi mellom anna moglegheit til å sikre opparbeiding av eventuelle tiltak for natur og friluftsliv. Føremålet er ikkje å regulere næringsføremål utover det som i dag er avsett til næring i kommuneplanen. Planavgrensinga kan bli redusert i løpet av planprosessen.

Planoppstart blir også kunngjort på Alver kommune si nettside, i Avisa Nordhordland og på Multiconsult sine heimeside <https://www.multiconsult.no/aktuelt>.

Konsekvensutgreiing med planprogram

Planarbeidet er vurdert i samsvar med forskrift om konsekvensutgreiingar, og det er i samråd med Alver kommune konkludert med at reguleringsplanen krev konsekvensutgreiing (KU) og planprogram.

Program for utgreiing er omtalt i vedlagde planprogram, som vert sendt på høyring samstundes som det vert varsla oppstart av planarbeidet. Planprogrammet legg føringar for det vidare planarbeidet.

Slik kan du bidra

Dersom du har relevante innspel, merknader eller opplysningar til planarbeidet og/eller planprogrammet, kan desse sendast skriftleg til Multiconsult Norge AS v/Linda Djuvik Sønstabø, Sæ 132, 5417 Stord eller e-post lds@multiconsult.no.

Frist for å sende merknader til planoppstart og planprogrammet er **29. august 2026**.

Det bør gå tydeleg fram kva som er innspel til oppstartsvarselet, og kva som er innspel til innhaldet i planprogrammet.

Kva skjer vidare?

Etter at høyringsfristen er gått ut, vil innspela bli kommenterte og eventuelt innarbeidde i planprogrammet. Planprogrammet vert deretter vedteke i kommunestyret og lagt til grunn for utarbeiding av planframlegget.

Me svarar ikkje på innkomne merknader direkte, men oppsummerer og kommenterer desse som del av det vidare arbeidet med planframlegget (planarbeidet). Innspela vil saman med våre vurderingar følgje saka vidare til politisk handsaming av planframlegget.

Når planframlegget er ferdig utarbeidd, vert det sendt til kommunen for politisk handsaming. Etter vedtak om å leggje det ut til høyring, vert planframlegget sendt til naboar og aktuelle offentlege styresmakter. Då vil det vere mogleg å kome med innspel til planframlegget.

Har du spørsmål?

Ta gjerne kontakt med planleggingsleiar Linda Djuvik Sønstabø på e-post lds@multiconsult.no eller telefon 911 26 977 dersom du har spørsmål til planarbeidet eller vidare saksgang.

Med venleg helsing

Multiconsult

Linda Djuvik Sønstabø

Vedlegg:

1. Oversiktskart med varslingsgrense

Varsel om oppstart av reguleringsplan og høyring av planprogram

2. Planinitativ Hjertås industriområde
3. Oppstartsmøtereferat - Detaljregulering Holsnøy industriområder
4. Forslag til planprogram Hjertås industriområde
5. Vedtak – oppstart av detaljregulering og forslag til planprogram
6. Kunngjeringsannonse